

KAPITTEL 6

Magnhild Hagelias veg til rikspolitikken

Alf Kjetil Igland

Universitetet i Agder

Abstract

Magnhild Hagelia (1904–1996), from the southern constituency Aust-Agder, was elected deputy president at Lagtinget (one of the two chambers of parliament) in 1960, and in 1962, she became the first woman to attend a session at the Norwegian Parliament. She grew up in the countryside during a time of deep unemployment, poverty, and social injustice. Motivated to join the Social Democratic Party in 1935, she soon became a leading and popular speaker in her region, and in 1949 she unexpectedly won a seat in the parliament. In this article I argue a previously overlooked explanation that Hagelia's win was not least a result of her Christian faith, which was important to many voters in a region characterised by revival Christianity and prayer houses. As a member of parliament for 16 years, she worked for a more equal society, and for women's rights.

Keywords: Parliament, Social Democratic Party, Revival Christianity, Woman's rights

På Stortingets heimeside er der eit lite biletgalleri av kvinner i «makt-
posisjonar», som det står, kvinner som braut offentlege barrierar. Her
 finn vi den første innvalde kvinna på Stortinget, den første statsråd og
 slik bortetter.¹ Mellom dei er Magnhild Hagelia frå Gjerstad. Ho var den
 første kvinna som presiderte eit møte i Stortinget. Den historiske dagen

¹ <https://www.stortinget.no/no/stortinget-og-demokratiet/kvinner-pa-stortinget>. Lest 17.10.2022.

var 9. februar 1962. Då svinga ho klubba i eit 20 minutt langt møte i Lagtinget. Slik blei ho mellom pionerane i parlamentet vårt. Vald inn som Aust-Agders tredje representant i perioden 1950–1954 var ho den første kvinna frå Agder-fylka på Stortinget. Dei tre neste periodane, fram til 1965, hadde ho førstemandatet. I desse åra var det ho som banka i pulten og opna Stortinget ved å gje ordet til sitjande president. Ikkje store merkesteinen, kan hende, men like fullt noko inga kvinne hadde gjort før.

Det er møtet i Lagtinget for seksti år sidan som er blitt ståande som eit symbol på dei sigre ho sjølv vann som kvinne i politikken, og for dei framsteg ho bidrog til for alle kvinner i dette landet, men dei kan det i ettertid vere vanskelegare å sjå. I alle oppslagsverk, om ho i det heile er med, er det «Magnhild med klubba» eller Hagelia som medlem av Vogt-komiteen som er referansen, og det skuggar for mykje av det andre ho utretta og stod for. Ho er ikkje nemnd i sentrale kvinnehistoriske verk, men einskilde biografar og memoar-forfattarar nemner ho i forbifarten.² Mellom dei er Einar Gerhardsen, Aase Lionæs, Per Borten og Gro Harlem Brundtland. Ein samtidshistorikar kjem ikkje utanom Hagelia, men sjølv Berge Furre gjer den vanlege feilen å plassere ho i Stortingets presidentskap.³ Ho var ein av varapresidentane, og dei hadde ikkje plass i presidentskapet. Hagelias ettermæle er først og fremst levande i heimbygda Gjerstad og det tidlegare Aust-Agder. I lokallhistoriske verk er referansane mange.

Magnhild Hagelia kom frå små kår, men hennar veg mot framstående tillitsverv er ikkje eineståande. Mange småkårsfolk har arbeidd seg fram til høge posisjonar. Ein av dei ruvande statsleiarane i norsk historie, Jørgen Løvland (1848–1922), var frå Evje i hennar eige heimfylke. Det var evner, målretta, hardt arbeid og ytre omstende som i ein historisk situasjon førte dei dit. Det var rett person på rett stad til rett tid. Det gjeld òg for Hagelia då ho tok steget inn i rikspolitikken etter krigen. Fleire har

2 Ho er ikkje med i *Cappelen kvinnehistorie 1–3* frå 1992–1993, redigert av Ida Blom, *Norsk likestillingshistorie 1–2*, 2013–2015 (Fagbokforlaget) av Hilde Danielsen, Eirinn Larsen og Ingeborg W. Owesen, eller Bodil Chr. Erichsens *Norske kvinners liv og kamp 1–3*, 2017–2018 (Res Publica), for å nemne tre sentrale verk.

3 Furre 2013: 193. Forfattaren gjorde den same feilen i biografien om Sam O. Berge (Igland 2014).

skreve om Hagelia, livet hennar og politikken, men det er lagt lite vekt på å forklare korleis ei kvinne frå eit småbruk i utkanten av Agder i 1950 kunne få fast plass på Stortinget som éi av berre sju kvinner i nasjonalfor-samlinga og som den første frå Agder.⁴ Ho skulle bli den einaste kvinne frå Sørlandet dei fire periodane ho sat.

Hagelias personlege eigenskapar og hennar røynsler frå eit mangslunge organisasjonsarbeid i ungdomsåra, og som forsyningsleiar under krigen, var eit solid grunnlag for verva ho fekk i rikspolitikken. I ei mannsdomi-nert verd kom Hagelia som rett kvinne til rett tid. Strategien til fylkespar-tiet i valkampane før stortingsvala i 1945 og 1949 var å framheve Hagelia som kristen, totalist og ein kandidat som ville betre kåra til heimearbei-dande kvinner.⁵ Sistnemnde punktet var i si tid likestillingsarbeid.

Valstrategane i fylkespartiet var radikale då dei satsa på ei kvinne høgt oppe på lista. I 1949 skal nominasjonskomiteen ha tilbode Hagelia ein sikker andre plass, men ho ville ikkje høgare enn på tredjeplass, utan at eg har sett at ho har kommentert det sjølv.⁶ Når komiteen ville ha fram Hagelia, er det nok fordi ho var blitt eit kjent namn, og at dei såg at ho stod for verdiar mange veljarar i Aust-Agder identifiserte seg med. Ho har appellert til lågkyrkjelege og konservative veljarar som elles ville henta fram røystesetelen til Kristeleg Folkeparti. Ordet «kristen» blei eit nøkkelord i kampen om stemmene. Hagelia var «ein personleg kristen» og «bæres fram av et levende kristent syn».⁷ I dette kapittelet vil det bli argumentert for at livssynet hennar var eit viktig argument i valkampen.

Då Arbeidarpartiet hausten 1949 fekk tre av dei fire mandata frå Aust-Agder på Stortinget, var det fleire grunnar til det, men den profilen Hagelia fekk i valkampen, var ein strategi som lukkast overmåte godt og la grunnlaget for det som blei fire periodar i nasjonalforsamlinga. Med stigande popularitet i heimfylket var det frå nominasjonen i 1953 aldri

4 sjå t.d. Olstad 2013 og Vevstad og Haugen 2013.

5 *Risor Arbeiderblad* og *Tiden* med likelydande oppslag 07.10.1949. I stor grad var dette repetisjon frå oppslaga før valkampen i 1945.

6 Vevstad & Haugen 2013: 4.

7 Sjå t.d. *Tiden* 20.09.1945 og 07.10.1949. Hagelia var andre vararepresentant for Aust-Agder 1945–1949.

spørsmål om kven som skulle ha førsteplassen. Det var hennar eige val å trekke seg etter dei fire periodane.

Bakgrunn

Magnhild Hagelia var født 6. mai 1904 i Gryting-grenda i Gjerstad og døydde 4. juli 1996, 92 år gammal, i Grimstad. Laust rekna fekk ho halvparten av det lange og innholdsrike livet i kvar kommune, om ein ser på gamle Fjære kommune som Grimstad, og båe stader er det byste av henne utanfor kommunehuset.

Ungdomsåra var prega av stort ansvar. Ho var eldste jente i ein søskenflokk på åtte på eit småbruk der ho tidleg måtte bidra til føda. Som skolejente var ho forviten og las det ho kom over, men det kunne ikkje bli snakk om meir utdanning enn ein vinter på Jæren folkehøgskole, 1924–1925. Heilt ung tok ho på seg leiaroppgåver i losje og ungdomslag, både lokalt og på fylkesnivå. Noregs Ungdomslag må reknast for å vere landets største «politikarprodusent», for å låne eit uttrykk av Jan Kløvstad.⁸ Saman med erfaring frå IOGT-losja Utsjå gav verva i ungdomslaget viktig og nyttig erfaring for Hagelia. Tok ho på seg eit verv, sytte ho for å få gjennomført oppgåvene. Difor fekk ho alltid tillit der ho engasjerte seg. Magnhild Hagelia var til å lite på.

I mai 1922, 18 år gamal, byrja ho på handelslaget på Sundebru, AS Ytre Gjerstad handelslag, som «butikkdame». Dette var nærbutikken til Gryting-folket. Butikkstillinga blei starten på ein lang arbeidsdag, og lange arbeidsdagar. Etter to og eit halvt år fekk ho med seg attest på at ho var «ærlig, flittig og skarp i regning».⁹ Dette var ein av mange attestar som synte at Hagelia var uvanleg flink i rekning og fekk mykje ut av rekneskapar og statistikk. Då ho kom på Tinget, blei ho presentert som kvinna som fryda seg over «innvikla tabellar og tal oppmarsjerte i tette kolonner i store bøker». Ho la vekt på at tal aldri var «turre» om

8 Kløvstad 1995: 268.

9 Attest frå Jens Røed datert 11.03.1925. GHA Hagelia-arkivet Boks 101.

ein berre kunne sjå kva som låg bak dei.¹⁰ Revisoryrket kunne ikkje ha passa betre.

Åra på handelslaget på Sundebru skulle sette djupe spor. Det var ei erfaring som prega Hagelia livet ut, og som ho stadig kom attende til i samtalar og avisintervju. 1920- og 1930-åra var dei tider då folk ikkje hadde råd til å kjøpe ein appelsin til jul. Folk som hadde ei lyspære på 25 watt, søkte heradsstyret om hjelp til straumrekninga. Fattigdomsgrensa gjekk ved dei som ikkje hadde mat til å ete seg mette. Dei var mange, og hadde ofte store barnekull. Med ein forsørgjar utan arbeid i ei tid utan trygdeordningar var det berre fattigkassa att: «– og fattigkasse var det til gagns».¹¹ «Dei som ikkje har opplevd denne tida, har ikkje føresetnader for å forstå kor ille mange hadde det. [...] *Det var vondt*», skreiv Hagelia om erfaringa si som butikktilsett desse åra.¹²

Etter tida på handelslaget på Sundebru og folkehøgskule på Jæren flytta ho til Arendal, der ho i åra 1925 til 1927 arbeidde i Arendals Eggcental. Ho måtte slutte då det braut ut munn- og klovsvjuka i distriktet.¹³ I desse åra var ho aktiv i Austgedelaget.¹⁴ Arbeidslaus flytte ho tilbake til heimbygda og fekk jobb hos lokalpolitikaren Kristen Fløgstad frå Arbeidarpartiet, som dreiv handelslaget Sven Th. Kveims Eft i Øvre Gjerstad (kyrkjebygda) etter svigerfaren. Der fekk ho stort ansvar og blei etter kvart «fullmektig».

Vinteren 1934–1935 lånte ho pengar på ei livsforsikring og fekk noko økonomisk støtte av Fløgstad. Slik fekk ho råd til ein vinter i Oslo, der ho studerte rekneskap på dagtid og revisjon på kveldstid.¹⁵ Det var smått. Ho såg seg ikkje råd til ein kaffikopp til 25 øre på Kaffistova, har ho fortalt.¹⁶ Med denne utdanninga kunne ho reise heim og løyse handelsbrev, noko Fløgstad ikkje hadde sjølv. Det var nok difor han var med på å finansiere studia i Oslo.

10 *Folket* 14.02.1950.

11 NRK Fjernsynet 17.05.1982.

12 Hagelia 1987: 19.

13 *Det var Risør Arbeiderblad* 02.10.1945 som opplyste at Hagelia måtte slutte på grunn av denne sjukdommen.

14 Kløvstad 2020: 25–26.

15 Jæren folkehøgskole vinteren 1924–1925, Otto Treiders handelsskole i Oslo 1933–1934. Kristen Fløgstad Øybekk er kjelde for at bestefaren støtta Hagelia då ho studerte i Oslo.

16 Anne T. Whist i samtale 06.12.2016.

Avbrote av studieåret i Oslo var ho tilsett på handelslaget til Kristen Fløgstad fram til 1938. Det går fram av attestar han skreiv, at ho blei oppsagd fordi ho brukte handelsbrevet sitt dobbelt.¹⁷ Svogeren Lars Mesel starta butikk i nærleiken, også han på hennar løyve, noko Fløgstad reagerte på. Dei to butikkane hadde noko sams vareutval og var difor konkurrentar.

På denne tida låg det mørke krigsskyar over Europa. Sjølv om styresmaktene vona det skulle vere mogleg å halde landet nøytralt, som under den førre krigen, måtte Stortinget førebu seg på det verste. Etter lov av 9. juni 1939 skulle det skipast forsyningsnemnder i alle fylkeskommunar og kommunar. Magnhild Hagelia søkte på og fekk stillinga som forretningsfører for nemnda i Gjerstad. Det er usikkert om ho hadde arbeid i året frå ho blei oppsagd av Fløgstad og til ho begynte i forsyningsnemnda. Ho har ikkje nemnd noko om det, men ho kan ha hjelpt til heime. Hagelia snakka lite om Fløgstad seinare. Når ho fortalte om livet som «butikkdame», var det åra på handelslaget på Sundebru som blei trekte fram. Det blei ein slutt på arbeidsforholdet hos Fløgstad som ho nok helst ville gløyme. Men ho gav Fløgstad ros for hans lange innsats i lokalpolitikken.

Den administrative erfaringa ho hadde frå butikkarbeidet, lag og foreningar, og hennar personlege eigenskapar, kom i stor mun til nytte i forsyningsnemnda. Lokalhistorikaren Olav Ulltveit-Moe meiner ho med sin mynde var som ein høvding å rekne og i stor grad skal ha æra for at gjersdølane kom gjennom vanskelege år med ro og verde.¹⁸

Hagelia kom til å gå ugift gjennom livet. Ho hadde ein kjæraste eller var trulova i yngre år, og dei drømte om å kjøpe gard. Han omkom i ei ulykke, og ho har truleg ikkje hatt seinare forhold. Hagelia måtte stadig svare på spørsmål frå journalistar om sivilstanden, men slo det vekk. Når ein ser på det enorme og livslange strevet, den store innsatsen ho la ned i arbeidsforhold og alle sine verv og ombod, er det eit spørsmål om ho kunne greidd det ved sida eit familieliv. Hadde ho gifta seg då ho var i tjuåra, er det ikkje sikkert ho hadde fått ein politisk karriere.

17 Attest frå Kristen Fløgstad 20.06.1943. GHA Hagelia-arkivet Boks 101. Kristen Fløgstad Øybekk har sett oppseiinga frå 1938, men ho lar seg ikkje finne lenger.

18 Ulltveit-Moe i innlegg på eit Hagelia-seminar i Gjerstad 26.06.2021.



Magnhild og broren Jakob Hagelia. Sluttet av 1920-talet. Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Gjengitt med tillatelse. Alle rettigheter er forbeholdt. Kan ikke gjenbrukes uten tillatelse.

Partimedlem

Når Hagelia blei spurt kvifor Arbeidarpartiet blei hennar parti, synte ho til erfaringane frå handelslaget på Sundebbru då ho var heilt ung. Der hadde ho begynt å resonnerer, tenke over, spekulere på, som ho sa det i eit intervju med NRK, om ikkje ordningane som galdt, var rav, ruskande gale, heilt urimelege.¹⁹ «Det var difor naturleg at eg melde meg inn i eit politisk parti. Og det måtte då bli det som var mest i samsvar med det eg sjølv meinte var rett og riktig. Bestefar var høgreman, far venstreman, og eg hamna i Arbeidarpartiet. Det ville ikkje vere rart om det snart dukkar opp ein kommunist i slekta.»²⁰ Det låg nok ein spire til ein sosialist bak disken på handelslaget, men ho nemnde aldri at ho hadde gått ein omveg, teke ein høgre-sving. Saka er at ho før kommunevalet i 1931 stod oppført som medlem av nominasjonskomiteen til Bondepartiet (frå 1959 Senterpartiet), og då må ho ha vore medlem av partiet.²¹

19 NRK Fjernsynet 17.05.1982.

20 «Ukens vertinne: Magnhild Hagelia» i *Magasinet For Alle*. Nr 25/15, 06.1960.

21 «Offisiell valliste fraa Gjerstad Bondeparti». *Folketanken* 02.10.1931. Telefonsamtale med Kristen Fløgstad Øybekk 30.03.2022. Vallista ligg òg i Gjerstad historielags arkiv.

Bondepartiet blei skipa av Norsk Landmandsforbund (seinare Norsk Bondelag) i Kristiansand i 1920. Det la vekt på primærnæringane med bonden som berar av det nasjonale og som ein garanti «mot kløyving i klassestrid og partikiv». Landet måtte ha eit sterkt forsvar og det måtte sparast i statshushaldet, skriv Berge Furre. For partiet var bonden garantien for sjølvstende og vernet mot dei som ville bruke vald for å endre samfunnet, altså Arbeidarpartiet i tidlege år. I tillegg var det ei vestlandsk fløy i partiet som la sterk vekt på målsak og forbodspolitikkk. Dette var to saker Hagelia verkeleg brann for. «Politisk la Bondepartiet seg ein stad mellom Høgre og Venstre», skriv Furre.²² Med tanke på partiets ettermæle frå mellomkrigsåra, med Vidkun Quisling som den mest kjende medlemmen og eit partiorgan, *Nationen*, som langt på veg støtta fascismen og nazismen, er det forståeleg at Hagelia knytte åra på handelslaget direkte til medlemskapet i Ap, men det gjekk meir enn ti år frå ho slutta på handelslaget på Sundebru til ho melde seg inn i Arbeidarpartiet i 1935. I desse åra hadde ho ganske sikkert kontakt med Julius Grasåsen, sekretær for Bondepartiet i Aust-Agder. Han var ei stutt tid tilsett som redaktør av partiavisa *Agder Tidend*, som hadde kampsaker som passa ho bra: likestilling, sjølvberging, kristendom og fråhald. Mykje tyder på at ho var avisas melder i Gjerstad. I 1929 var ho med på ein aksjon for å skaffe fleire tingarar til *Agder Tidend*.²³ Hadde avisa hatt økonomi til å tilsette ho som journalist, kunne både karriere og politisk utvikling blitt annleis.

Sidan det ikkje er funne arkivalia frå Bondepartiet i Gjerstad i mellomkrigsåra, er det uvisst kor aktiv ho var. Å sitje i ein lokal nominasjonskomité var ikkje store oppgåva. Sidan ho budde i heimen til Kristen Fløgstad dei åra ho arbeidde der, gjekk det varmt for seg når dei diskuterte rundt middagsbordet. For familien Fløgstad var det ikkje tvil om at ho stod for Bondepartiets politikk.²⁴

Ungdomsåra var travle, og det spørst om det er blitt tid til så mykje partiarbeid. Same kva, tida i Bondepartiet var den politiske omvegen ho ikkje ville snakke om. Det var om å gjere å knyte åra på handelslaget på Sundebru direkte til innmeldinga i Arbeidarpartiet.

²² Furre 1991: 166–167.

²³ *Agder Tidend* 08.06.1929. Avisas kalla aksjonen for «Plantedugnaden».

²⁴ Kristen Fløgstad Øybekk i samtale 30.03.2022.

Det hadde skjedd noko i norsk politikk på den tida ho melde seg inn i Arbeidarpartiet. Med støtte frå Bondepartiet og særleg Venstre hadde Johan Nygaardsvold danna regjering i 1935. Det som er kalla «kriseforliket», blei eit skilje i norsk historie. I eit par tiår hadde landet hatt mange borgarlege mindretalsregjeringar. Nå heldt Arbeidarpartiet stø kurs mot demokrati og parlamentarisme.²⁵ Den nye regjeringa var første steget mot planøkonomi med velferdsstat og reformer som alderstrygd (1936), arbeidarvern (1936) og arbeidsløysetrygd (1938). Samarbeidet mellom fagorganisasjonen, arbeidsgjevarane og regjeringa, trekant-samarbeidet, skapte politisk ro og peika fram mot velferdsstaten.

Overgangen til Arbeidarpartiet kan ha hatt noko å gjere med lokale forhold. Hagelia skreiv Gjerstad Arbeidarpartis historie, eit manus ho hadde tenkt å gje ut i samband med Arbeidarpartiets hundreårsjubileum i 1987. Det blei det ikkje noko av, men manuskriptet er bevart. Ho legg vekt på at sosialdemokratiets sterke stilling i ei bygd med lite industri er solid forankra i dei historiske føresetnadene til bygda heilt tilbake til Marcus Thranes tid. I 1849 stifta han arbeidareiningar ved Eikeland Jernverk og i Risør.²⁶ Laget på Verket gjekk inn etter halvtanna års levetid. Det var likevel sådd eit frø i bygda, skriv Hagelia.

Lokallaget av Arbeidarpartiet i Gjerstad blei stifta i 1921. Partiet var ikkje representert i kommunestyret frå starten, men det kom «stadig forslag frå Gjerstad Arbeidarparti om saker av stort verde for både arbeidsfolk og kommunen». Hagelia skriv nøgd: «Av møtebøkene for kommunestyret merker ein at det var eit vake og aktivt parti som var stifta.»²⁷ Ifølgje Vevstad var partiet «dårleg organisert» dei første åra, men dei kan jo hatt gode politiske utspel.²⁸

Det økonomiske omslaget i 1921 hadde kome brått og hardt. Hagelia hadde ikkje store tankar om dei lokale Venstre-politikarane som styrte. Dommen var hard: «Men me får tilgje dei. Dei visste ikkje betre. Dei var ikkje politikarar.»

25 Olstad 2021: 67 ff.

26 Ved jernverket fekk han 13 medlemmar, i Risør 22. Noreng 1993: 8.

27 Hagelia 1987: 8.

28 Vevstad & Haugen 2013: 3.

Slik Magnhild Hagelia såg det, kom dei første *politikarane* inn i kommunestyret ved valet i 1922, og det var sjølv sagt dei fem frå Arbeiderpartiet under leiing av Kristen Fløgstad ho tenkte på.²⁹ Ved valet i 1928 fekk Arbeidarpartiet fleirtal og Fløgstad blei ordførar. Partifellen Isak K. Strat følgde frå 1932. Hagelia meinte begge var dugande politikarar, noko som kan ha medverka til at ho fekk tru på Arbeidarpartiet og meldte seg inn. Alt i alt var det vel ein kombinasjon av desse tilhøva som låg til grunn for partiskiftet, men det er likevel ikkje eit klårt svar på korleis ho vega Bondepartiet mot Arbeidarpartiet. Det må ha vore argument for og mot.

Det spørst om ikkje Einar Gerhardsen mange år seinare sette ord på noko som kan ha vore avgjerande for Hagelia. På årsmøtet hausten 1947 hadde kvinneutvalet i Aust-Agder besøk av statsministeren. Gerhardsen fortalte om tre Gjerstad-kvinner som var komne til eit møte om natta og måtte reise att om natta. For å spare kvinnegruppa for ei hotellrekning, sat dei på harde trebenker gjennom begge nettene. «Det er bare en bevegelse som bygger på en rik ide som kan fremme slike egenskaper.» For den nøysame Gerhardsen var ei slik innstilling å vere «i pakt med folket».³⁰ Hagelia var ikkje mindre nøysam. Ho gjekk med stoppa hoser på Stortinget og sparte på pølsevatn fordi det var kraft i det, fortel fleire av «tantebarna».

Alt frå 1936 står ho oppført i partiavisa *Tiden* (Arendal) som kontaktperson for krinsen sin og for opplysningskomitéen til partiet i Gjerstad. Året etter blei ho skrivar (sekretær) i representantskapet for den nye arbeidarsamskipnaden i bygda, som omfatta seks lag. Det møtte 350 menneske på skipingsfesten i Egdehall, der det var både felespel, sketsjar og dans til musikk av «Hurra-gutta».³¹ Partiet stod sterkt i Gjerstad ti år etter det nasjonale gjennombrøtet ved stortingsvalet 1927. Nå var den tidlegare medlemmen av det konservative Bondepartiet blitt sosialist og synleg politikar.

29 Dei fire andre var Knut Løite, Ole O. Braaten, Thor Hansen Aasheim og Nils Ausland.

30 «Det norske arbeiderparti bygger på en rik ide» i *Tiden* 02.07.1947.

31 «Representantskapet i Gjerstad skipa» i *Tiden* 07.01.1937. Kristian Fløgstad blei formann.

Frilynt kristen

Hausten 1945, ved det første stortingsvalet etter krigen, er Hagelia nominert på ein fjerdeplass i landkrinsen (byane i Aust-Agder og Telemark var eigen krins). Så langt hadde ikkje noko parti på Agder hatt ei kvinne på sikker stortingsplass, men sjølv om det ikkje kunne blei meir enn ein andre varaplass, var det nok til å sikre ho nokre dagar på tinget hausten 1948. I ei veke frå 1. november var ho første kvinne frå Agder i landets nasjonalformsaling.

Hausten 1949 var Hagelia nominert på den usikre tredjeplassen. Nominasjonskomiteen ville ha ho på ein sikker andreplass, men ho ønskte tredjeplassen, skriv Vevstad. Kvifor er uvisst, og det står ikkje noko om det i avisreferata, men *Risør Arbeiderblad* hadde eit panegyrisk referat frå arbeidarkvinnenes sommarmøte i Gjerstad 16. august same år. Ikkje uventa ville kvinnene på nominasjonsmøtet ha Hagelia på andreplass.³² Hagelias nære venninne, seinare fylkesmann Ebba Lodden, talte Hagelias sak. *Tiden* skriv på leiarplass etter nominasjonsmøtet 23. august: «Det var nokså naturleg at Magnhild Hagelia fra Øyestad fikk tredjeplassen på listen.» Tja, kva som ligg i «nokså naturleg» er ikkje godt å vite. Avisa meinte ho «gis den store sjanse til å bli Aust-Agders første kvinnelige representant på Stortinget». I praksis var det høgst usikkert om Ap skulle få tre av dei fire som hadde fast sete. Det var nok derfor ei overrasking at Magnhild Hagelia fekk sistemandatet i Aust-Agder og slik blei «historisk», som det heiter i sportsspråket.

I ettertid er det interessant å sjå korleis ho blei presentert i dei lokale partiavisene *Risør Folkeblad* og *Tiden* før vala i 1945 og 1949. Det blei lagt vekk på at ho var grundig, hadde innsikt i mange saker og sterk arbeidsvilje. Dette var ikkje overraskande, men så legg dei til at ho «bæres fram av et levende kristent syn, - som gir seg utslag i praktisk kristendom: trygge kår for folket, for husmødrene. Fylkets kristne kan i sannhet ikke få noen bedre representant».³³ Dette er ein direkte appell til kristne veljarar som nok elles ikkje ville følt seg heime i Arbeidarpartiet, eit parti mange meinte ikkje var «kristeleg» nok. Partiets revolusjonære fortid var ikkje gløymd av alle.

³² *Risør Arbeiderblad* 16.08.1949.

³³ *Tiden* 07.10.1949. Setningen strykes. Note 35 er korrekt og dekkende.

For det lokale partiapparatet var det utan tvil eit taktisk klokt valkamputspel å knyte Hagelia til kristen tro. I valkampen 1945 gjekk ho ut mot dei som nytta kristendommen til å drive skremselspropaganda mot partiet: «Frk. Hagelia visste av egen røynsle at der ikke ligger noe til grunn for slike skremsler.»³⁴

Det var sjølvsgagt eit nøyve vurdert valkamputspel å legge vekt på livssynet hennar. Det var ikkje eit ord om livssynet til dei andre kandidatane øvst på lista.³⁵ Dei skulle bli tingmenn for å kjempe for høgst jordnære saker, som kåra til småbrukarar og fiskarar. Det er i pakt med samtidas syn på kvinner at Hagelia blir framstilt med «mjuke» verdiar. Ho er kristeleg og kjempar for heimen og husmødrene. Det var som det skulle vere. Partifellane som styrte valkampen, visste kva dei gjorde. Men var ho verkeleg religiøs, for ikkje å seie ein «personleg kristen»?

Ho snakka aldri om det religiøse, sa Hallvard Hagelia, nevø, pastor i Misjonskirken Norge og professor i teologi. Han blei seint klår over at ho gjennom sitt politiske liv hadde vore medlem av organisasjonen Kristne Arbeidere (tidlegare Norges Kristne Arbeideres Forbund).³⁶ Dei andre nevøane og niesene deler erfaringa hans. Det som hadde med tru og kyrkje å gjere, heldt ho for seg sjølv, endå fleire av søskena ikkje la skjul på si kristne tru. Bestefar Hagelia var religiøs og talte til oppbygging.³⁷ Han døyddde då Magnhild var vaksen, så det må ha vore andaktar og vanka nokre gudsord i barndomsheimen.

Til 60-årsdagen i 1964 skreiv *Tiden* at «hun har siden krigens dager vært en personlig kristen».³⁸ «Jeg ble heilt flau», seier niesa Anne Whist over at tanta blei tillagd i personleg kristen tru.³⁹ Like lite som dei andre tantebarna hadde ho tankar om at Magnhild var omvendt.⁴⁰ Men – avisa hadde dekning for det dei skreiv. Det hadde nok leita i eige arkiv. I eit intervju før valet i 1945 seier Hagelia i klårtekst: «– Fra januar 1943 har jeg

34 «Valgmøtet på Arendals Torg i går» i *Tiden* 08.11.1945.

35 Dei to første kandidatane var Thv. Haavardstad, Evje, og Olav Nylund, Åmli.

36 Hallvard Hagelia i samtale med forfatteren 19.10.2020.

37 Notat frå Kirsti Lange 16.01.2021.

38 «Magnhild Hagelia er 60 år i morgen» i *Tiden* 05.05.1964.

39 Samtale med Anne Whist og Oddveig Mørken 06.12.2016.

40 Samtale med Anne Whist og Oddveig Mørken 06.12.2016.

vært en personlig kristen».⁴¹ Utsegna kan ikkje misforståast. Bedehuskristendommen var ikkje lenger «kjørvande» (kvelande), som ho hadde sagt i eit føredrag i den frilynde ungdomstida si.⁴² I 1943 må ho ha meldt overgang frå det frilynte ungdomslaget til bygdas kristelege ungdomslag, der ho på årsmøtet 13. januar 1944 blei varamann til styret for 1944 og 1945.⁴³ Det er lite truleg ho kunne vere med begge stader. Politisk fekk ikkje omvendinga følgjer. Ho såg det heller slik at kristen tro og Arbeidarpartiets ideal var to sider av same sak: «Det var ingen grunn til å gå bort fra Arbeiderpartiets politikk. Kristendommen er en levende kraft, og som sådan også en drivkraft i arbeidet for fred, fridom og rettferd.»⁴⁴

Den sterke oppfordringa i vekkingskristendommen om å vitne om trua, må ha vore fjern for Hagelia. Det kan vere ei forklaring på at ho ikkje snakka om religiøse emne, sjølv om ho var omvendt. Det var store vekkingar under krigen, men med freden sløkna mykje av gløden hos mange. Det kan nok tenkjast at ho brann ut etter kvart, slik det er formulert i ein boktittel av religionssosiologen Pål Repstad: *Fra ilden til asken. En studie i religiøs pasifisering*.⁴⁵ Kristendommen blei ei privatsak, men kunne nyttast i dei to første valkampane etter krigen. I seinare år er det nok ein atterklang av Grundtvig i hennar livssyn. Den danske teologen Grundtvig fanga mange med ein frilynt kristendom: «Menneske først og Christen så.»⁴⁶ Det var eit livssyn ungdommen møtte på dei grundtvigianske folkehøgskolane, mellom dei Jæren folkehøgskole. Hagelia kunne etter kvart elte saman eit kristent grunnsyn med dei frilynde ideala som hadde prega ungdomstida hennar. Ungdomshuset og bedehuset kom under same tak.

Kristentru, fråhald og målsak er gjerne definerte som motrørsla på Sør- og Sørvestlandet frå slutten av 1800-talet. Hagelia representerte alle tre, men bokmålsavisene *Tiden* og *Risør Arbeiderblad* nøgde seg med å peike på dei to første. Det er all grunn til å tru at det gagna valkampen at tredjekandidaten var godtemplar. *Tiden* peikar i eit oppsett på at

41 *Tiden* 20. 09.1945 og 20.09.1945.

42 M. P. H. i *Austegden* i Agp. 26.06.1925.

43 Protokoll for Unges misjonsforening i Gjerstad. GHA.

44 *Tiden* 20.09.1945.

45 Repstad 1984.

46 Sitatet er frå ei av Nikolai Frederik Severin Grundtvigs salmer.

ho hadde vært med i IOGT sidan 1926 og hatt ymse ombod der: «også i avholdsrørsla har de gjort bruk av hennes dyktighet.»⁴⁷

Fråhald var eit like sikkert kort som kristentrua, men målsaka var meir splittande og blei ikkje nemnd. På den tida Hagelia dreiv sin første valkamp til Stortinget, var kommunane i Aust-Agder landdistrikt mange og små. Fordelinga på språksida var i bokmålets favør med om lag 60 prosent av elevane. Gjerstad var rein nynorsk-kommune, men i nabokommunen Vegårshei hadde to av 11 skulekrinsar bokmål. I Sønedeled var det berre ein skulekrins med nynorsk, mot 12 med bokmål. Det var særleg langs kysten det var kommunar med berre bokmål, mellom anna Fjære, som ho flytta til i 1945.⁴⁸ Det galt å trå varsamt i det språklege, som hadde vore eit minefelt i mellomkrigsåra. Mange var misnøgde med samnorskklina til Arbeidarpartiet. Hagelia sjølv var aldri i tvil om at ho var målkvinne. Ho var aktiv i målrørsla frå unge år, då ho skreiv etter ein konservativ mal ho hadde lært på skolen. Seinare skreiv ho ein modernisert, dialektprega nynorsk, noko ho blei fagna for. Ho blei heidra i mållaga i båe Agder-fylka.

Likestilling

Magnhild Hagelia var ein utrøyttelig forkjempar for likestilling. Ved sida av fråhaldet og målsaka var det ein av hjartesakene frå ho var heilt ung, og eit saksfelt ho arbeidde mykje med då ho blei aktiv i rikspolitikken. Sjølv om ho kjempa for at kvinner og menn skulle behandlast likt, lønast likt og ha same rettar på alle omkverve, meinte ho at små barn trong mor heime. Det var òg offisiell arbeidarpolitikk i dei åra ho sat på Stortinget. Ei side ved likestillingsarbeidet var difor å syte for at husmødrene kunne få avløyning ved sjukdom og feriar med fri frå mann og barn.

I 1926 fekk partilaget eiga kvinnegruppe i Gjerstad, der Magnhild Hagelia blei aktiv då ho ni år seinare melde seg inn i partiet. Ho oppdaga og blei opprørt over at mange menn var uviljuge til å sleppe kvinner til i partiet. Ei opprørt Magnhild Hagelia teier ikkje. Eit lesarinnlegg ho sende partiorganet *Tiden* våren 1937, er skrive med ironisk snert. Nå er ho på barrikadane for kvinnes plass i samfunnslivet: «Den ålmenne

47 «Magnhild Hagelia – en framifrå representant for kvinnene i Aust-Agder» i *Tiden* 20.09.1945.

48 Statistisk sentralbyrå. Norges offisielle statistikk X. 39. Skolestatistikk 1939–40, s. 13.

meining er verkeleg den at ein medels mann er mykje dugeligare enn dei flinkaste kvinnene.» Med innlegget vil ho vende seg til kvinnene, elles kan det ikkje bli endring. Dei må få tru på seg sjølv, forstå at dei ikkje er mindreverdige: «Me har likso god forstand og likso gode evner som mannen.» Brukar kvinnene det vitet og dei evnene dei har fått, «så må nok snart dei gode karane gå ved at ei flink kvinne er dugeligare enn ein medels mann».49 At kvinnene måtte få større tru på seg sjølv og ta sin rettmessige plass i samfunnet, skulle ho gjenta så lenge ho var aktiv.

Kvinnegruppene var organiserte i fylkeslag. På årsmøtet til Aust-Agder-laget i Arendal våren 1937 innleia Magnhild til samtale om «Kvinnenes sosiale stilling», truleg eit av hennar første politiske innlegg. Nå blir ho trekt meir og meir inn i partiarbeidet. I september 1937 talar ho på Arbeidarungdommens dag i Øyestad og blir «lønnet med kraftig bifall», utan at det står noko om kva ho sa.⁵⁰

Samme haust er det kommunevalg. I *Tiden* skriv ho at ho vil seie «nokre ord til kvinnene ved dette høvet». Nå er ikkje budskapet særleg radikal sett med dagens augo. Ho skriv ikkje noko om at kvinner må stemmast inn. I 1937 er Hagelia først og fremst ute etter å få kvinnene til å bruke stemmeretten sin og stemme på dei som «varetar hennar og bornas og heimens interesser [...] og som sterkast går inn for å betre kvinns sosiale stilling».51 Dei som ønskte å styrke heimen, kvinns domene, måtte stemme på Arbeidarpartiet. Denne hausten blei ho fjerde vararepresentant til heradsstyret i Gjerstad. Sjølv med denne plassen møtte ho fleire gangar både før og etter krigen. Hagelia ville sjølv sagt ha fleire kvinner i lokalt styre og stell. Ho noterer det som en milepåle då Marit Høstfet og Nina Brekke i 1931 blei valde inn som dei første kvinnene i heradsstyret i Gjerstad. Men, ho visste noko om den lange arbeidsdagen kvinnene hadde med barn, husstell og fjøsstell. Det var ikkje berre å ha verv i tillegg.

Det er ikkje tvil om at kvinnene såg på mange spørsmål med eit anna blick enn mennene. I 1933 skreiv Aps kvinnegruppe til heradsstyret og bad om at gamle og andre som trong fattighjelp og ønskte å bu heime eller hos pårørande, måtte få stønaden der i staden for å bli sende på

49 «Vi kjenner oss for små selv» i *Tiden* 24.03.1937.

50 «Vellykket arbeiderungdommens dag i Øyestad» i *Tiden* 13.09.1937.

51 «Mor har det travelt, men ho må ha tid til å stemme» i *Tiden* 12.10.1937.

gamleheimen: «Vi synes at den måten fattig-styret går fram på blir for hårdhendt. Det er blitt de fattige for hjemmet og ikke lenger hjemmet for de fattige.» Kvinnegruppa synta til at dagpengene på gamleheimen var 1,09 kroner døgeret. Dei trudde ikkje det ville bli dyrare å ha dei gamle heime, «og mange tårer vil bli spart», siterer Hagelia.⁵² I møte 11. mars 1933 sendte heradsstyret samrøystes saka over til forsorgsstellet til velviljug handsaming. Kvinnegruppa var òg godt representert då det var føredrag på Egdehall i 1938 om kooperasjonen. Kvinnene såg at eit samvirkelag ville ha sine fordelar.⁵³ «Dette var tankar som lå 50 år före si tid», kommenterer Hagelia, synleg på line med kvinnegruppa.

Mykje av det ansvar ho tok på seg desse åra, kan i ettertid sjåast på som ei førebuing til større oppgåver. Då Arbeidarpartiets kvinnegrupper hadde sin faste konferanse i Arendal i mai 1938 og 1939, blei ho vald til dirigent, eit oppdrag ho ofte tok på seg seinare, også på nasjonale partimøte. Ho som ein gong skulle vere første kvinne på ein presidentplass i nasjonalforsamlinga, hadde lang erfaring som møteleiar, og då med langt meir komplisert dagsorden enn i Lagtinget den historiske dagen i 1962.

På kvinnekonferansen i Arendal i 1938 kåserte ho om «kunsten å tale», eit emne ho spesialiserte seg på og sjølv hadde stor nytte av. «Kåseriet behandlet på en overmåte morsom og samtidig meget lærerik måte denne vanskelige kunsten», hette det i referatet. Magnhild Hagelia reiste heim som styremedlem i fylkeslagets kvinnegruppe.⁵⁴ Same år blei ho vald inn som styremedlem i fylkeslaget av AUF.⁵⁵ Ho var nok ikkje yngste medlem, men verv og oppgåver var ei førebuing til større oppgåver.

Frå slutten av 1930-talet møtte ho trufast opp på partisamlingar både lokalt og på fylkesplan. Ho var eit sjølvsgt medlem av i 1. mai-komiteen i Gjerstad, og eit like naturleg val som studieleiar i Aust-Agder fylkeslag av AUF. Ho fekk varaplass i styret i Aust-Agder Arbeidarparti. I 1945 blei ho formann i fylkeskvinnelaget. Laget drøfta saker ho tok med seg vidare i livet, som rimelegare bustadlån, sosial og økonomisk frigjerung for kvinnene,

52 Brevet frå Kvinnegruppa er sitert etter eit notat frå Hagelia, eitt av fleire om Ap i Gjerstad. GHA Hagelia-arkivet Boks 111.

53 «Samyrkelag i Gjerstad?» i *Tiden* 20.05.1938.

54 «Birgithe Ruud, Eydehavn ny formann for fylkets arbeiderkvinner» i *Tiden* 23.05.1938 og «Mange viktige saker på kvinnemøtet i helgen» i *Tiden* 16.05.1939.

55 «Kr. Walvik, Eydehavn, ny formann for AUF i fylket» i *Tiden* 11.04.1938.

betre kvinnerepresentasjon i offentleg styre og stell, pensjon for separerte kvinner og ugifte mødrer, bustadlån for einslege, samt ernærings- og hygiene spørsmål. Arbeidar-kvinnenes målretta kamp for likestilling syntte at det var eit stort skilje mellom Ap og dei borgarlege partia, meinte ho.



I 1947 var Magnhild Hagelia utsending til ein sosialdemokratisk konferanse i Danmark. Ho hadde nå opparbeidd seg ein posisjon i partiet også nasjonalt. På øvste bilete er ho nr. 6 frå venstre. Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Gjengitt med tillatelse. Alle rettigheter er forbeholdt. Kan ikke gjenbrukes uten tillatelse.

Ho profilerte seg tydeleg i det politiske landskapet og blei eit kjent namn i heile fylket. Møtelistene i partipressa syner at det knapt kan vere ei bygd ho ikkje var innom med føredrag, alt ved sida av arbeidet som revisor. Dette var utvilsamt viktig for partiets nominasjonskomité då ho fekk fjerdeplassen på lista i 1945 og endå høgare i 1949. Samstundes blei ho meir kjent nasjonalt. Ho var med i to offentlege skatteutval, Skattelovutvalet 1947 og Samskattutvalet 1948. I partiet tok ho steget opp frå fylkes- til nasjonalt nivå desse åra.

Kvinner måtte skaffe seg utdanning, etter husmortida måtte dei inn i arbeidslivet og ikkje minst måtte dei engasjere seg i politikken om dei skulle få gjennom sine rettar. Hagelia meinte kvinner hadde for lett for å

bli passive når dei gifta seg. Samstundes er det klårt at ho ikkje var radikal på same måte som neste generasjonen kvinner, dei som sprang ut av 1968-opprøret. Ho var ingen feminist. Ikkje gjekk ho i tog for denne saka, ikkje kasta ho unemneleg undertøy. Ho var ingen «rødstrømpe», som stortingspresident Kirsti Kolle Grøndahl sa i minneordet i Stortinget, men ho gjorde «en imponerende innsats i praktisk politikk for å bedre kvinnenes rettigheter».⁵⁶ Det er ein presis observasjon. Viss ein ser på argumenta til dei første kvinnene som kjempa for likestilling og stemmerett mot slutten av 1800-tallet, og dei som har hatt hegemoniet dei siste tiåra, kom ho i ein slags «mellomgenerasjon».

Statsråd?

Fast stortingsplass var eit godt byks i karrieren for revisoren, men kva med ein statsrådspost? «Hun var tallkyndig og nøktern i økonomiske saker – og varm i sitt sosiale engasjement, men stakk seg i almindelighet ikke frem», skrev *Aftenposten* då Hagelia fylte 75 år.⁵⁷ Det er ei oppsummering mange vil seie seg samde i. Avisa kunne lagt til det iherdige og grundige arbeidet ho la ned i sine mange verv, både på og utanfor Stortinget, og at ho ikkje var bereknande.⁵⁸ Ho spelte med opne kort og innrømma gjerne at ho ikkje dreiv med «taktisk politikk». Hagelia ville streve etter «de best mulige løsninger i praktisk politikk. Å bedre forholdene i samfunnet på alle områder. Gjøre det hele mer menneskelig, mer levende».⁵⁹

Så skulle ein tro at ein politkar med slike ambisjonar ville hatt tankar om ein stol kring kongens gjeve bord, men det er ikkje noko som tyder på at ho arbeidde målretta for ein statsrådspost. Ho skal likevel ha vore med i vurderinga to gonger. Hagelia har ikkje kommentert desse sakene, så langt arkiva rekk, men Hans Olav Lahlum fortel i *Noen av oss har snakket sammen ... Personskifter i Arbeiderpartiet 1945–1975* at Hagelia i 1955 var på

⁵⁶ S.tid (1996–97), s. 28–29.

⁵⁷ *Aftenposten* 05.05.1979.

⁵⁸ Det var óg slik bygdefolket kjente henne. Samtale med Olav Ulltveit-Moe 15.10.2019.

⁵⁹ ”Den ærede president’ fra Fjære fyller 75 år i morgen.” *Tiden* 05.05.1979.

tale som familie- og forbrukarministar. Det stod mellom Hagelia og Aase Bjerkholt. Eit av Hagelias fortrinn var reint geografisk. Bortsett frå Jens Haugland hadde Arbeidarpartiet få statsrådkandidatar på Sørlandet. Det motsette var tilfellet for Oslo, Bjerkholts valdistrikt. Det som likevel skal ha diskvalifisert Hagelia, var at ho var ugift og barnlaus. Ein rikspolitkar skal ha så mange slags kvalifikasjonar, og ein familieminister utan familie var «uheldig».⁶⁰ Hagelia hadde likevel støtte frå LO-leiar Konrad Nordahl og tidlegare statsministar Oscar Torp då saka var oppe i partiets sentralstyre. Bjerkholt var Gerhardsens forslag, og med støtte frå Haakon Lie var saka avgjort. Kva for tankar Gerhardsen gjorde seg om Hagelia i denne saka, veit vi dessverre ikkje.

Åtte år seinare, heilt mot slutten av Gerhardsens andre regjering, gjekk industriminister Kjell Holler ut av regjeringa på grunn av ansvaret departementet fekk for Kings Bay-ulukka. Gerhardsen ville flytte Olav Gjærevoll frå Sosialdepartementet til Industridepartementet, men Gjærevoll sa nei. «Hadde Gjærevoll sagt ja, planla Gerhardsen ifølge [Jens] Haugland å gi stortingsveteranen Magnhild Hagelia sjansen som sosialminister.»⁶¹ Her var det ikkje krav om mann og barn. I åra etter førre runde der ho var aktuell som statsråd, hadde Hagelia markert seg på sosialfeltet i fleire saker. Denne gangen var det nære på, noko Jens Haugland får tydeleg fram i *Dagbok frå kongens råd*, men heller ikkje ved dette høve finn ein direkte vurderingar av Hagelias eigenskapar. Det er det politiske spelet med alle sine omsyn som gjer at ho ikkje rykker opp.⁶² At Gerhardsen hadde ho «på blokka» til denne statsrådsposten, viser likevel at ho var veid og funne tung nok.

Det er sjølv sagt uråd å vite heilt sikkert korleis ho ville ha gjort det som leiar av eit stort departement, men ho kunne truleg blitt ein dyktig statsråd. Ho arbeidde alltid grundig og målretta, såg dei store liner i politikken og veik ikkje tilbake for å ta sjølvstendige avgjerder.

60 Lahlum 2010: 153, 157.

61 Lahlum 2010: 187 og Haugland 1986: 186–17. Haugland skriv med Olav Gjærevoll som kjelde: «Så ville han [Gerhardsen] prøve å få Magnhild Hagelia til ny sosialminister.»

62 Haugland 1986: 186–187.



Magnhild Hagelia som «stortingsmann» mot slutten av første periode. Foto: Stortinget, lisens: CC BY-NC.

Konklusjon

Det er fleire grunner til at Ap sikra seg tre av dei fire mandata i Aust-Agder i 1949. Dei borgarlege partia i Aust-Agder fekk ikkje til ei fellesliste. Nasjonalt blei valet historisk godt for Arbeidarpartiet, eit valskred. I tillegg blei partiet favorisert av ei urettferdig valordning, den som blei endra då den såkalla bondeparagrafen blei fjerna i 1952. Hagelia kom under sterkt press då det blei kjent at ho ville stemme nei, men ho bøygde ikkje av.

I dette kapitlet har eg synt til andre moment eg meiner var viktige for at ho i 1949 fekk den faste fjerdeplassen til landkrinsen i Aust-Agder. For det eine var ho særskild aktiv og synleg i partiet, både på fylkesnivå og nasjonalt plan med verv og føredrag. For det andre blei ho knytt til livssynet sitt, og til ein likestillingspolitikk som var ein garanti for trygge heimar. At partiet høgt opp på vallista hadde ei kvinne som var totalist, hadde eit kristent livssyn og såg kvinnene, *kan* ha vore utslagsgjevande for at ho vippa ut Høgre-kandidaten og fekk fast sete på Stortinget. Ikkje berre

kunne ho glede seg over fast tingplass, Arbeidarpartiet gjekk monaleg fram i Gjerstad. 718 røyster var 104 fleire enn ved valet i 1945 og 175 fleire enn dei borgarlege partia til saman. Bygdefolk hadde tillit til styringspartiet, og dei ville gjerne ha sambygdingen Magnhild på Stortinget.

Etter 16 år på Stortinget, dei tre siste periodane som førsterepresentant, sa 61-åringen nei takk til attval. Dei siste åra av yrkeslivet ville ho sitte med kommunale rekneskap hos fylkesrevisoren i Aust-Agder, der ho hadde avansert til fullmektig. Men ho gløymde ikkje parti og politikk. Gjennom dei mange pensjoniståra blei ho ein institusjon i fylket, «alles Magnhild», heva over alle partiskiller, men det er ei anna historie.

I 1974 blei ho riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden. Grimstad har seinare heidra henne med ein byste utanfor rådhuset. Det same har Gjerstad utanfor Almestaua.⁶³ Ho gjorde ein solid innsats i dei posisjonane ho fekk, samvitsfull og arbeidsam. Ho fortener så visst både riddar-orden, bystene og plassen mellom dei andre banebrytande kvinnene i Stortingets biletgalleri.

Ho var ei føregangskvinne, Magnhild Hagelia, under dei kåra som var hennar tid.

Referansar

- Enstad, N.-P. (2019). *Rosen og korset*. Gaveca.
- Furre, B. (1982). *Norsk historie 1905–1940*. Det Norske Samlaget.
- Furre, B. (2013). *Norsk historie 1914–2000*. Det Norske Samlaget.
- Hagelia, M. (1987). *Historia om Gjestad Arbeidarparti*. Upublisert manuskript. AAKs/PA 1153.
- Haugland, J. (1986). *Dagbok frå Kongens råd*. Det Norske Samlaget.
- Igland, A. K. (2014). *Sam O. Berge: En livsskildring*. Portal Akademisk.
- Kløvstad, J. (1995). Motkultur i medvind 1971–1996. I J. Kløvstad (Red.), *Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896–1996* (s. 263–322). Det Norske Samlaget.
- Kløvstad, J. (2020). *Austegdelaget i 100 år*. Austegdelaget.
- Lahlum, H. O. (2010). *Noen av oss har snakket sammen ... Personskifter i Arbeiderpartiet 1945–1975*. Cappelen Damm.
- Noreng, H. (1993). *Arbeiderføreren Marcus Thrane. Lærling av Wergeland. Lærer for Ibsen og Bjørnson*. Ibsenhuset – Grimstad bymuseum.

63 Bysten i Grimstad er utført av Arne Vinje Gunnerud, busten i Gjerstad av Svein Brekka.

- Olstad, F. (2021). *En historie om Arbeiderpartiet. Fra arbeiderpopulister til verdensborgere*. Dreyer.
- Olstad, K. H. (2013). Magnhild Hagelia. Norges første kvinne med presidenttittel. I A. T. Aanby (Red.), *Aust-Agder Arv. Årbok for Aust-Agder kulturhistoriske senter*. Aust-Agder kulturhistoriske senter.
- Repstad, P. (1984). *Fra ilden til asken. En studie i religiøs pasifisering*. Universitetsforlaget.
- Stortinget. (2022, 14. januar). *Kvinner på Stortinget 1950–1970*. <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/kvinner-pa-stortinget/kvinner-pa-stortinget-pa-1950--og-60-tallet/>
- Vevstad, A. & Haugen, J. (2013). *Magnhild Hagelia – første kvinnelege stortingsrepresentant frå Agder. Stemmerettsjubileet 1913–2013*. Gjerstad kommune.
- Vik, L. (2021). *Björg Viks vei*. Cappelen Damm.

GHA er Gjerstad historielags arkiv. Magnhild Hagelia skjenka sitt arkiv som gåve til GHA, men nevøen Per Svenningsen og niesa Kirsti Lange har også mykje arkivalia etter henne. Kapittelforfattaren meiner alt arkivmateriale må samlast i Aust-Agder museum og arkiv KUBEN og gjerast søkbart i www.arkivportalen.no. Mykje av det har nasjonal interesse.